



KR - Seksjon for økumenikk og dialog
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Liv Janne Dehlin

Dato: 21.12.2020

Vår ref: 20/05083-3

Deres ref:

Høring: Oppfølging av evalueringen av Samarbeid menighet og misjon (SMM)

1. Innleiing

Bjørgvin bispedøme vil med dette få takke for høvet til å gje uttale i saka om evalueringa av Samarbeid Menighet og Misjon (SMM).

Dette er ei viktig sak for bispedømeråda, men og for misjonsorganisasjonane og heile Den norske kyrkja. Den handlar om korleis vi som kyrkje i framtida vil arbeide for å la misjon, som er ei sentral del av kyrkja sitt DNA, få kome til uttrykk i strukturane og det konkrete arbeidet, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

2. Om prosessen og bakgrunn for høyringa

Høyringsbrevet frå Kyrkjerådet er datert 19.10.2020. Her går det fram at fristen for høyringssvar er 15. januar 2021.

Av høyringsbrevet går det fram at «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM) vart oppretta etter vedtak i Kyrkjemøtet i 1993 og i landsstyra til dei ulike misjonsorganisasjonane i 1994. I dag er SMM omfatta av sju misjonsorganisasjonar og Den norske kyrkja. Dei sju misjonsorganisasjonane er: Det Norske Misjonsselskap (NMS), Den Norske Israelsmisjon, Normisjon, Areopagos, HimalPartner, Stefanusalliansen og Misjonsalliansen.

Hausten 2019 vart det vedteke av SMM-rådet at det skulle blir gjennomført ei ekstern evaluering av SMM. VID vitskaplege høgskule fekk oppdraget og leverte evalueringsrapporten «*Møte, vokse, dele. Evaluering av Samarbeid menighet og misjon (SMM)*» den 29. januar 2020. Rapporten vart ført i pennen av Stephen Sirris, Harald Askeland, Olav Helge Angell, Hans Austnaberg, Stian Sørli Eriksen, Hans Morten Haugen, Kari Storstein Haug og Tone Lindheim.

På bakgrunn av det empiriske materialet og analysane i denne rapporten, kom gruppa til at dei ville tilrå at SMM held fram som samarbeidstiltak, men at dei bør arbeide med følgande:

1. *intensiverer arbeidet for å oppnå målet om at alle menigheter i DNK har misjonsavtale*
2. *arbeider gjennom menighetsrettede tiltak for at misjonsavtalene skal generere større engasjement i menighetenes arbeidsgrener, særlig i trosopplæringen, etablerer misjonsutvalg og misjonskontakt, samt arbeider for at misjonsavtalene genererer høyere inntekter*

3. videreutvikler organisering og kommunikasjonslinjer i lys av ny kirkeordning for DNK hva gjelder arbeidsgiverlinjer og styrking av nivåer i kirkeorganisasjonen
4. initierer og opprettholder en teologisk refleksjon og dialog om misjonsbegrepet i samarbeidet mellom DNK og misjonsorganisasjonene
5. initierer samtaler om helhetlig misjon på alle nivåer i DNK og om hvordan dette er forpliktende for kirkens ledere
6. vurderer misjonsrådgiverstillingenes finansiering og organisering, samt utvikler en felles arbeidsinstruks og en mer ensartet prioritering av stillingsomfang ved bispedømmekontorene
7. vurderer det regionale SMM-utvalget med tanke på representasjon, myndighet og mandat
8. styrker kontakten mellom regionalt nivå i SMM-samarbeidet og menighetene
9. drøfter fordeling av misjonsavtaler mellom organisasjonene samt retningslinjer for oppfølging av avtaler som er mer forpliktende for misjonsorganisasjonene
10. blir bevisst regionale forskjeller og vurderer tilpasninger ut fra ulike kirkelandskap og misjonsorganisasjonenes nedslagsfelt og aktivitetsnivå
11. utvikler rutiner for dokumentasjon og kommunikasjon på sentralt og regionalt nivå særlig med hensyn til årlige økonomidata og at samlet rapportering styrkes i DNKs årsrapport
12. drøfter kriterier for hvilke organisasjoner som kan være medlemmer i SMM¹

I tida etter har rapporten og desse tilrådingane vore handsama av det nasjonale SMM-rådet 25. august og 22. september. Rapporten har og vore drøfta av misjonsrådgjevarane på dei ulike bispedømmekontora og stiftsdirektørane har og vore inne i samtalar med Mellomkyrkjeleg Råd om rapporten og følgande av denne.

Dei foreløpige konklusjonane er som følger:

- SMM-samarbeidet skal bli ført vidare med dei same partane som tidlegare
- SMM-rådet blir ført vidare på nasjonalt nivå
- Kyrkjerådet/ Mellomkyrkjeleg råd vil vidareføre koordineringa av det faglege samarbeidet
- Det vert foreslått ein ny finansieringsmodell.
- Dei regionale utvala kan bli erstatta av anna samarbeid i dei bispedøma kor utvala ikkje har fungert tilfredsstillande.
- Kyrkja vil gjere misjonsarbeidet meir synleg i planar og rapportar på alle plan.
- SMM sitt grunnlagsdokument og vedtekter vert revidert. Det er særleg punktet om finansiering av misjonsrådgjevarstillingane og stillinga som dagleg leiar som har vært drøfta i SMM-rådet.

Vidare går det fram av høyringa at det ligg føre ein konsekvensanalyse frå Kyrkjerådet om eventuelt bortfall av økonomisk støtte frå organisasjonane. Denne analysen kjem fram i høyringsbrevet, punkt 3:

Kostnadene til SMM-samarbeidet består av to deler: kostnader til dekning av de sentrale utgiftene og kostnader til dekning av de regionale kostnadene. Dagens ordning ble vedtatt i SMM-rådet 12.12.2012 med virkning fra 01.01.2014.

De sentrale kostnadene er det budsjettet som vedtas av SMM-rådet. Dette omfatter lønn til daglig leder (85 % stilling) og kostnader drift av SMM på nasjonalt nivå. Beløpet deles likt mellom Kirkerådet og organisasjonene. Organisasjonene bidrar med samme beløp, uten tanke på størrelsen på organisasjonen.

¹ Stephen Siris m.fl.: «Møte, vokse, dele. Evaluering av Samarbeid menighet og misjon (SMM)», VID-rapport 2020/2, s. 4

De regionale kostnadene er knyttet til misjonsrådgiverne i hvert enkelt bispedømme. Organisasjonene og Den norske kirke betaler som hovedregel 50 % hver av disse stillingene.

Dette gjelder uavhengig av stillingsbrøken til misjonsrådgiverne, som varierer i de ulike bispedømmene.

Organisasjonenes del har blitt fordelt ut fra følgende prinsipper:

- 2/3 av de regionale kostnadene fordeles ut fra størrelsen på utebudsjettet, inkludert Norad-tilskudd og misjonærkostnader.*
- 1/3 av de regionale kostnadene fordeles ut fra antall menighetsavtaler som organisasjonen har.*

Bjørgvin bispedømeråd har dei seinare åra nytta OVF-midlar (kr. 150.000,-) til å betale for sin del av kostnadane.

SMM Bjørgvin hadde og evalueringsrapporten oppe til handsaming 1. april 2020. Da vart følgjande protokollert i Sak 04/20 «Møte – vokse – dele: evaluering av Samarbeid Menighet og Misjon» VID rapport 20/20:

- SMM Bjørgvin kjenner seg i hovudsak igjen i rapporten og framstilling av SMM.*
- SMM Bjørgvin mener arbeidet rundt misjonsrådgiver bør styrkes*
- Rapporten peker på at diakonale misjonsprosjekt, på bekostning av evangeliserende misjonsprosjekt, synes å bli valgt av menighetene når de inngår avtaler med ulike menigheter. Til dette er det verdt å nevne at det noen ganger er slik at evangeliserende tiltak ikke kan velges da situasjonen i enkelte land er utfordrende med tanke på å drive evangelisering. Da må diakonale tiltak velges om menighetene og organisasjonene i det hele tatt skal engasjere seg.*
- På spørsmål om regionale utvalg bør legges ned eller ei, responderer SMM Bjørgvin at det i stedet kan være en ide å opprette en ressursgruppe i stedet. Og: dersom utvalgsstrukturen skal fastholdes må den bidra til «energi» og innsats, og det enkelte utvalget må få hjelp til å sette misjon på agendaen i menighetene, også ved å benytte seg av misjonsrådgiver som ressurs i dette arbeidet – i det videre.*
- To elementer når SMM-arbeidet skal videreføres: det er for det første viktig at det blir stabilitet i stillingen. For det andre: det kan være viktig for å opprettholde fokus på misjon i menighetene bl.a. ved å bidra med motiverende samlinger, slik som eksempelvis misjonsuke (slik det gjøres i Oslo), avholde ulike prostisamlinger mm.*
- I tiden framover bør Den norske kirke ta et større ansvar for å holde misjonsflammen oppe, særlig med tanke på at organisasjonene i større grad enn tidligere ikke er så tett på pga. manglende lokalt ansatte.*
- Det må også sees på finansieringen av misjonsrådgiverstillingene: kanskje bør de i større grad integreres som del av kirkens arbeid og som en respons på coronakrisens ødeleggende effekt på organisasjonenes økonomi; alle organisasjoner merker dette og både NMS og Normisjon sliter eksempelvis med underskudd på sine gjenbruksbutikker*
- SMM Bjørgvin ønsker ikke å legge ned regionale utvalg. Kan hende kan ressursgruppe være en løsning. Det som velges må ha dette ene for øye: bidra slik at fokuset på misjon kan opprettholdes i bispedømmet.*

På Kyrkjemøtet i april 2021 skal saka «Den norske kirkes globale oppdrag» bli behandla. Samarbeidet med misjonsorganisasjonane vil inngå i denne saka og bli sett i samanheng med Den norske kyrkja si rolle som oppdragsgjevar for SMM.

3. Høyrings spørsmål

Målet med endringar i finansieringa og organiseringa av SMM-samarbeidet er at misjonsengasjementet skal bli styrka i Den norske kyrkje, og at samarbeidet med

organisasjonane kan bli ført vidare på best mogleg måte. Basert på dette målet blir bispedømerådet bedt om å svare på/ kome med innspel på desse 5 spørsmåla:

1. «Støtter bispedømmerådene anbefalingen fra SMM-rådet om at bispedømmene overtar det økonomiske ansvaret for misjonsrådgiverstillingene på bispedømmekontorene?»
2. «Hvordan bør det regionale samarbeidet mellom biskop, bispedømmeråd og misjonsorganisasjonene organiseres for å styrke misjonsengasjementet i menighetene?» «Hvordan vil bispedømmet samarbeide med organisasjonene dersom det regionale utvalget legges ned?»
3. «Hvilke forventinger har bispedømmerådene til Kirkerådet/Mellomkirkelig råd om samarbeid knyttet til SMM – dette gjelder både rådene og administrasjonene?»
4. «Hvordan kan misjon synliggjøres bedre i bispedømmerådernes planer og rapporter?»
5. «Eventuelle andre kommentarer til evalueringen»

Svara kjem her i tur og orden.

1. «Støtter bispedømmerådene anbefalingen fra SMM-rådet om at bispedømmene overtar det økonomiske ansvaret for misjonsrådgiverstillingene på bispedømmekontorene?»

a) Hvis ja: hvordan kan stillingene som ivaretar misjon, utformes (fagportefølje, stillingsstørrelse, samarbeidsrelasjoner)?

Ja, Bjørgvin bispedømeråd stør tilrådingane frå SMM-rådet om at bispedøma tar over det økonomiske ansvaret for misjonsrådgjevarstillingane. Med dette vil det bli tydelegare for både bispedømerådet og SMM-organisasjonane kven som har det operative og innholdsmessige ansvaret for arbeidstakaren: bispedømerådet. Tidlegare har misjonsrådgjevarane kunne kjent på ein dobbel lojalitet: sju organisasjonar på den eine sida og bispedømerådet på den andre sida. Ja, kven har eigentleg «eigd» arbeidstakaren: organisasjonane eller rådet? Dette vert no gjort tydelegare for alle impliserte. Til orientering: i dag er misjonsrådegjevar i Bjørgvin formelt tilsett som misjonsrådgjevar i 50 % stilling og 50 % stillings som diakonirådgjevar med desse aktuelle arbeidsområda generell diakoni, «det grønne», inkluderande kyrkjeliv, migrantar mm.

Ei endring av økonomisk ansvar vil kunne føre til at arbeidet med å «selje misjonsavtalar»/ tilrå avtalar vert redusert til fordel for auka fokus på korleis det internasjonale arbeidet kan fungere som ein motivasjon for våre kyrkjelyder: korleis kan våre kyrkjelyder arbeide «misjonalt»? Dette doble blikket/ den doble bevegelsen: frå kyrkjelyder i Noreg til den verdsvide kyrkja og vice versa vil med andre ord kunne bidra til eit større fokus på ei misjonal trusopplæring og kyrkjelydsbygging til fortrenging for fokuset på misjonsavtalar som tilfellet er i dag. Det ber i seg både fordelar og ulemper.

Det er om lag 130 kyrkjelydsavtalar innanfor ramma av SMM-samarbeidet i Bjørgvin i dag. Ei slik re-orientering av arbeidet vil kunne vere ein styrke i den nye modellen. For om ein kyrkjelyd har ein eller fleire misjonsavtalar fortel ikkje alltid om den einskilde kyrkjelyd faktisk er engasjert i misjon eller ikkje. Det kan vere meir misjonsengasjement i ein kyrkjelyd utan ein misjonsavtale enn ein kyrkjelyd med slik avtale.

At bispedømerådet vil overta heile det økonomiske ansvaret for misjonsrådgjevarstillinga vil samstundes kunne bety at storleiken på stillinga blir mindre. I dag utgjer stillinga ein 50 % stillingsressurs. Det vil kunne føre til at samarbeidsrelasjonane mellom bispedømerådet og organisasjonane vil kunne verte noko lausare fordi det ikkje vil vere så lett å kunne følgje opp dette samarbeidet med mindre stillingsressurs.

2. «Hvordan bør det regionale samarbeidet mellom biskop, bispedømmeråd og misjonsorganisasjonene organiseres for å styrke misjonsengasjementet i menighetene?»/

«Hvordan vil bispedømmet samarbeide med organisasjonene dersom det regionale utvalget legges ned?»

Med tanke på det regionale samarbeidet har SMM Bjørgvin sjølve uttrykt at dei ønsker at dette skal helde fram og at misjonsrådgyvevar skal ha ein rolle i dette. Samstundes er ikkje utvalet fast bestemt på at samarbeidet med bispedømmet best kjem til uttrykk i form av eit utval. Sjølve peiker dei på at ei ressursgruppe kan vere meir fruktbart, og at målet med gruppe må vere klårt: å bidra til at fokuset på misjon lever vidare i bispedømmet og å gje inspirasjon i arbeidet. Bjørgvin bispedømeråd stør dette.

Det vil vere viktig med ei gruppe som kan sjå på kva for synergjar som kan kome ut av eit samarbeid. Kanskje det og vil vere fruktbart at barne- og ungdomsorganisasjonar får ein plass i gruppa for gjennom dette å løfte misjon i trusopplæringa? Jfr. samarbeidsplattforma mellom Den norske kyrkja og ulike barne- og ungdomsorganisasjonar. Kanskje Kirkens Nødhjelp kan vere ein aktør som og kan vere med å spille gruppa god? Fokuset i gruppa bør vere på metodikk og innhald. Ressursgruppa kan om mogleg møtast 1-2 gongar i året og i staden halde seg med ad hoc-grupper når det er ønskeleg.

3. «Hvilke forventinger har bispedømmerådene til Kirkerådet/Mellomkirkelig råd om samarbeid knyttet til SMM – dette gjelder både rådene og administrasjonene?»

Bjørgvin bispedømeråd har ein forventning at Kyrkjerådet/Mellomkyrkjeleg råd vert ein ressurs for eit fleirfagleg fokus på misjon på nasjonalt nivå, det same fleirfaglege fokuset vi ventar av kyrkjelydane og på regionalt nivå (bispedømekontora).

4. «Hvordan kan misjon synliggjøres bedre i bispedømmerådernes planer og rapporter?»

På den eine sida kan misjon i større grad enn i dag bli gjort synleg i planar og rapportar ved at Kyrkjerådet i sine års-samtalar og års-rapportar spør etter misjon som innsatsområde. For det som ikkje vert spurt etter blir heller ikkje rapportert. Samstundes er det viktig å seie at det skjer mykje godt misjonalt arbeid lokalt som må få lov til å leve, utvikle seg og bli satt pris på sjølv om det ikkje vert rapportert eller talt opp.

5. «Eventuelle andre kommentarer til evalueringen»

SMM-samarbeidet og utviklinga innanfor den verdsvide kyrkja har bidrege til å halde dialogen om misjon levande. I dette har det blitt synleg kor viktig det er at både den lokale, regionale og nasjonale kyrkja held seg med ein konsekvent omtale av misjon. Det er ikkje nødvendigvis slik i dag. Kanskje kan arbeidet med Kyrkjemøtesaken og SMM-samarbeidet bidra til å sette fokus på dette?

Eit døme på dette er Kyrkjemøtesak nr. 07/12 (KM 07/12). Her vert misjon forstått som Missio Dei, eit oppdrag med forankring i Gud sjølv. Og vårt «misjon» blir konkretisert som evangelisering og diakoni: misjon er ord og handling til beste for medmenneske og skaparverket: ande og hand går saman.

I framlegg til ny strategiplan vert denne dikotomien forstyrra. I eit av forslaga til identitetsbeskriving står det mellom anna: «*En bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke gjennom gudstjenester, undervisning, misjon og diakonalt arbeid*». Med dette vert misjon og diakoni ståande som to jamstore storleikar, slik det kjem fram i vedtekter til SMM. Men dette er ikkje i DNK sin eiga forståing om vi skal ta kyrkjemøtesaka om misjon frå 2012 på alvor. Misjon er evangelisering og diakoni. Det er håp om at denne forståinga vert avstemt i tida som kjem.

Det endelege vedtaket i saka var:

Bjørgvin bispedøme vil med dette få takke for høvet til å gje uttale i saka om evalueringa av Samarbeid Menighet og Misjon (SMM).

Bjørgvin bispedømeråd vedtar høyringsuttale i samsvar med administrasjonen sitt framlegg og dei merknader som kom fram i møtet.

Bjørgvin bispedømeråd ser fram til ei vidare utvikling av SMM-samarbeidet.

Med vennlig hilsen

Bjørgvin bispedømeråd
ved Jan Ove Fjelltveit
stiftsdirektør

Vetle Karlsen Eide
rådgiver for diakoni og misjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:
KR - Seksjon for økumenikk og dialog, Liv
Janne Dehlin

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO